

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 30/2019, 6. SEPTEMBER**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### **ØYVIND ØKLAND ER TILSETT SOM PROFESSOR PÅ ASH**

Øyvind Økland har vorte tilsett som professor i pedagogikk på Avdeling for samfunnsfag og historie, institutt for sosialfag. Økland har takka ja tek til i stillinga og tek til i løpet av hausten. Økland kjem frå stilling som førsteamanuensis ved NLA Høgskolen. Her er hans profil på NLA:

<https://www.nla.no/ansattliste/ansatte/oyvind-okland/>

### **HJERNEFØR: OM POLITISKE DYSTOPIAR, KANTINA 12.9.**

Den faglege nyvinninga "hjernefôr" har sitt første arrangement i BK kantina, 12. september.

Arrangementet får form av samtale mellom forskarar og studentar og det første arrangementet har tittelen: "Går alt til helvete? Dystopier om klima og politikk.". Og der er også mat å få. Inga påmelding.

<https://www.hivolda.no/hjernefor-en-brunssamtale-om-politiske-dystopier>

### **«NYE» VERKSTADER PÅ KULTURFAG: SVÆRT GODT RESULTAT**

Verkstadene til Avdeling for kulturfag i Kaarstad-huset har i sommar vorte kraftig oppgraderte og pussa opp. Problem med avløpsrøra førte til at golva både i leire-, tre- og metallverkstaden måtte slåast opp. Statsbygg, Økonomi/eigedom og Avdeling for kulturfag har spleisa og samarbeidd godt for å oppgradere verkstadene og resultatet er både tilsette og studentar på kulturfag strålande nøgde med både når det gjeld estetikk og HMS.

### **NY BOK: FRODE SÆTRE HAR REDIGERT OM BÅTBYGGING I BJØRKEDALEN**

Avdeling for kulturfag har ei fin samling av trebåtar på Yksnøya, og mange av dei er bygde i Bjørkedalen. No har høgskulelektor Frode Sætre redigert ei ny bok om båtbyggjarane og båtane frå Bjørkedalen. Gjennom 15 artiklar blir både båtane, båtbyggjarane og bygde presentert.

<https://www.hivolda.no/nyhende/frode-saetre-med-bok-om-batbygging-bjorkedalen>

### **GOD OMTALE AV BACHELORSTUDIET I HISTORIE**

Det nye nettbaserte bachelorstudiet i historie har med ca 70 studentar vorte ein suksess, som også nettavisa Khrono har omtala.

<https://khrono.no/hogskulen-i-volda-nettstudier-nils-ivar-agoy/tilbyr-bachelorgrad-som-reint-nettstudium/401964>

### **UTDANNINGSKVALITET: UTLYSING AV NASJONAL PRIS FOR UTDANNINGSKVALITET FOR 2019 OG 2020**

Kvalitetsorganet DIKU har utlyst den årlege prisen for kvalitet i utdanninga for 2019 og 2020. Frist for å kome med framlegg er 18.10.2019 for året 2019 og 31.1.2020 for året 2020. Institusjonar som vinn prisen får 1 million kroner. Meir informasjon på DIKUs nettsider:

<https://diku.no/programmer/utdanningskvalitetsprisen-for-hoeyere-utdanning>

### **STUDENTOMBODET ER PÅ Plass**

Høgskulen i Volda har inngått avtale med Høgskule på Vestlandet om studentomod, og 30. august kom studentombodet på sitt første besøk til Høgskulen i Volda.

<https://www.hivolda.no/nyhende/hogskulen-har-fatt-studentombod>

### **RETTING:**

I førre nyhendebrief stod det at akkrediteringssøknaden om barnehagelærarutdanning alt hadde vorte sendt, søknaden er ikkje sendt slett enno. Men søknaden vil bli sendt til NOKUT innan fristen 15.9.2019.

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.9.2019: Styremøte 5/2019

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

### **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/search?OrderBy=Published&Period=All&employer=1599#1>

### **REKTORBLOGGEN**

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune):

<https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

